

Innkalling

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinholdsverk

Torsdag

14. mai 2020

kl. 10.00

Videokonferanse

Innkalling til **representantskapsmøte** i

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

torsdag 14.05.2020 kl. 10.00 - videokonferanse

Innkalling til:

- Herøy: Bjørn-Halvor Prytz, Tanja Rafteseth, Tor Sindre Steinsvik og Karl-Oskar Sævik
- Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth og Oddvar Gjerde
- Hareid: Bernt Brandal og Kjetil Nesset
- Sande: Olav Myklebust og Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Desse sakene er førebudd for handsaming:

Vedtaksaker:

Sak R01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste – møtebok

Sak R02/20 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar) – (Sist: Bernt Brandal og Anne-Marte Skarmyr Beitveit)

Sak R03/20 Godkjenning av årsrekneskap for 2019, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot – møtebok

Sak R04/20 Godkjenning av eigarmelding for 2019 – møtebok

Sak R05/20 Valg av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning – møtebok

Sak R06/20 Styrevalg og fastsetting av styregodtgjersle – møtebok

Forts.

Forts.

Sak R07/20 VAR-prosjektet – møtebok

Orienteringssaker / eventuelt vedtakssaker:

Sak R08/20 Orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR

Ulsteinvik, 22.04.2020

Knut Erik Engh
leiar

George Fulford
styreleiar

Innkallinga/saklista vert også sendt til varamedlemmene. Desse får særskild melding dersom dei skal møte. I tillegg vert den sendt til revisor, Jostein Støylen/Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R01/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R01/20 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE:

Forslag til vedtak er: «Innkallinga og saklista vart godkjend.»

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R02/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R02/20 –

**VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER
MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR):**

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar).

Sist (15/11-19) skreiv Bernt Brandal (Hareid) og Anne-Marte Skarmyr Beitveit (Sande) under protokollen.

Forslag til vedtak er:

«X og X skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar)».

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R03/20

Møtedato: 14.05.2020
Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R03/20 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2019, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV UNDERSKOT / OVERSKOT

Det vil bli orientert om talmaterialet på møtet.

Følgande er vedlagt:

- Årsrekneskap 2019 med balanse og notar
- Revisor si beretning

Økonomiske hovudtal frå rekneskapet i 2019:

Hushaldningsrenovasjon – sjølvkostfondet:

Underskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostberekningar):	kr 1 689 000 -
Underskot etter rentejusteringar og sjølvkostberekningar:	kr 1 887 000 -
Sjølvkostfond pr. 31. desember 2019:	<u>kr 7 595 000</u>

Næring – eigenkapital:

Overskot næring:	kr 617 563
Renter, etc. og overskot frå næring til anna eigenkapital:	kr 717 465
Eigenkapitalen pr. 31. desember 2019:	<u>kr 6 131 648</u>

På renovasjonsdelen er driftsresultatet / årsresultatet ganske nær budsjettet, men endringane gjort etter selskapskontrollen førte til mindre reduksjon på sjølvkostfondet enn budsjettet for 2019. Desse kostnadene kjem då fordelt på dei komande åra (frå direkteføring til aktivering).

Når det gjeld slamdelen, så er slamtøminga for Hareid og Ulstein eit eige kostpris-/sjølvkost-område, der sjølvkostfondet for private slamavskiljarar ligg hos SSR. For Herøy og Sande blir det som før, m.a.o. eit nullregime, der underskot blir kravd inn frå kommunane og overskot tilbakeført til kommunane. Det same systemet blir nytta på kommunal kloakk. Der ligg alle sjølvkostfonda hos kommunane og SSR køyrer eit nullregime. Sjå elles note 10 i rekneskapet.

Forts.

Forts.

Viktige poeng eller å merke seg:

- Fordelingsnøklerne er nøye gjennomgått og kvalitetssikra. I tillegg er fleire av desse nøklerne diskutert og godkjent i høve selskapskontrollen.
- Endringar vedtatt av representantskapet 15/11-2019 er implementert i rekneskapet.
- Både hushaldningsdelen og næringsdelen går greit, sjølv om ein som tidlegare år ser at driftskostnadene med desentraliserte miljøstasjonar held seg høge. Men, alle miljøstasjonane er særst populære blant innbyggjarane og det er også eit viktig poeng å ta med seg – sett i forhold til kostnadsnivået.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2019, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot.

Vedtak, samr.:

Årsrekneskap 2019

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstraum
Notar til rekneskapen

Org.nr.: 987 570 970

Resultatregneskap

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2019	Budsjett 2019	2018
Salsinntekt		55 592 771	51 350 000	47 523 902
Anna driftsinntekt		320 927	0	152 869
Sum driftsinntekter		<u>55 913 698</u>	<u>51 350 000</u>	<u>47 676 771</u>
Varekostnad		12 274 318	10 682 000	8 409 371
Lønskostnad	2, 3	23 235 669	21 621 000	20 333 769
Avskrivning	5	4 726 464	4 200 000	3 586 284
Annan driftskostnad	2, 7	14 975 474	14 424 000	13 378 559
Sum driftskostnader		<u>55 211 925</u>	<u>50 927 000</u>	<u>45 707 982</u>
Driftsresultat		<u>701 773</u>	<u>423 000</u>	<u>1 968 789</u>
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		226 282	366 000	322 804
Anna finansinntekt		57 000	0	0
Annan rentekostnad		2 002 152	1 945 000	1 544 048
Resultat av finansposter		<u>-1 718 870</u>	<u>-1 579 000</u>	<u>-1 221 243</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-1 017 098</u>	<u>-1 156 000</u>	<u>747 546</u>
Skattekostnad på ordinært resultat	8	32 437	0	0
Årsresultat	11	<u>-1 049 535</u>	<u>-1 156 000</u>	<u>747 546</u>
Overføring				
Avsett til/frå sjølvkostfond		-1 767 000	-2 670 000	-635 000
Avsett til annan egenkapital		717 465	876 000	1 382 546
Sum overføringer		<u>-1 049 535</u>	<u>-1 794 000</u>	<u>747 546</u>

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Eigedelar	Note	2019	2018
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5, 6	97 207 428	97 805 476
Maskinar og anlegg	5, 6	11 656 488	11 038 127
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	5, 6	3 903 582	4 051 094
Sum varige driftsmiddel		<u>112 767 497</u>	<u>112 894 697</u>
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og partar		666 254	611 551
Sum finansielle anleggsmiddel	3	<u>666 254</u>	<u>611 551</u>
Sum anleggsmiddel		<u>113 433 751</u>	<u>113 506 248</u>
Omløpsmiddel			
<i>Krav</i>			
Kundekrav		1 918 013	2 136 552
Opptent inntekt		53 900	57 000
Andre kortsiktige krav		1 340 521	2 886 416
Sum krav		<u>3 312 434</u>	<u>5 079 969</u>
<i>Bankinnskot, kontantar o.l</i>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	3 231 448	4 005 826
Sum bankinnskudd, kontanter o.l		<u>3 231 448</u>	<u>4 005 826</u>
Sum omløpsmiddel		<u>6 543 882</u>	<u>9 085 795</u>
Sum eigedelar		<u>119 977 633</u>	<u>122 592 042</u>

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Eigenkapital og gjeld	Note	2019	2018
Eigenkapital			
<i>Opptent egenkapital</i>			
Annan egenkapital		6 131 648	5 414 183
Sum opptent egenkapital		<u>6 131 648</u>	<u>5 414 183</u>
Sum egenkapital	11	<u>6 131 648</u>	<u>5 414 183</u>
Gjeld			
<i>Avsetjing til plikter</i>			
Andre avsetjingar for plikter	9	137 870	137 116
Sum avsetjing for plikter		<u>137 870</u>	<u>137 116</u>
<i>Øvrig langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 13	96 566 140	93 979 940
Sum anna langsiktig gjeld		<u>96 566 140</u>	<u>93 979 940</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		3 559 035	8 843 594
Betalbar skatt	8	32 437	0
Skyldige offentlege avgifter		1 554 701	1 503 882
Sjølvkostfond	10	7 736 000	9 503 000
Anna kortsiktig gjeld	10	4 259 803	3 210 328
Sum kortsiktig gjeld		<u>17 141 975</u>	<u>23 060 804</u>
Sum gjeld		<u>113 845 985</u>	<u>117 177 860</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>119 977 633</u>	<u>122 592 042</u>

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Ulsteinvik, den 30. mars 2020

Styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

George Harold Fulford
Styreleiar

Håkon Vestnes
Nestleiar

Edel Kvalsund Goksøy
Styremedlem

Ole Andreas Sæther
Styremedlem

Margareth Leinebø
Styremedlem

Truls Røyset Håbakk
Styremedlem

Anne Holstad
Styremedlem

Einar Heimdal
Dagleg leiar

Indirekte kontantstrøm

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

	2019	2018
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	-1 017 098	747 546
Betalt skatt i perioden	0	-49 760
Ordinære avskrivningar	4 726 464	3 586 284
Endring i kundefordringar	221 639	29 977
Endring i leverandørgjeld	-5 284 559	3 942 167
Endring i andre tidsavgrensingspostar	2 646 953	-200 364
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	<u>1 293 400</u>	<u>8 055 850</u>
 Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar		
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-4 599 275	-29 078 687
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	-54 703	-61 571
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	<u>-4 653 978</u>	<u>-29 140 258</u>
 Kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar		
Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	6 000 000	0
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-3 413 800	-3 263 800
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	<u>2 586 200</u>	<u>-3 263 800</u>
 Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-774 378	-24 348 208
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av per.	4 005 826	28 354 033
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av per.	<u>3 231 448</u>	<u>4 005 826</u>

Noter til rekneskapet 2019

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneapslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapskikk for små føretak.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forplikningar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapskikk.

Salsinntekt

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast i takt med utføringa. Lovpålagte tenester med årlig gebyr, der selskapet fakturerer gebyret direkte til abonnentane, blir inntektsført i perioden det er fakturert.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmiddel omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstaumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Krav

Kunde krav og andre krav oppførast til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Pensjonsforpliktning

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettopensjonsforpliktning. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsførast løpande.

Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden.

Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Sjølvkostfond

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Kontanstraumoppstilling

Kontanstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar bankinnskott.

Noter til rekneskapet 2019

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2019	2018
Løn	17 873 819	15 207 258
Arbeidsgjevaravgift	2 809 239	2 571 910
Pensjonskostnader	2 014 467	1 968 613
Andre ytingar	538 145	585 987
Sum	23 235 669	20 333 769

Selskapet har i 2019 sysselsett 33 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i denne lova. Sjå elles note 3.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret	Repr.skap
Løn	927 243	0	0
Pensjonskostnader	18 636	0	0
Anna godtgjering	20 071	297 146	26 013
Sum	965 950	297 146	26 013

Revisor

Godtgjersle til revisor er fordelt på følgjande måte:

Lovpålagd revisjon	64 550
Utarbeiding av årsrekneskap	16 050
Utarbeiding av likningspapir	10 700
Andre tenester	158 000
Sum honorar til revisor	249 300

Andre tenester består av arbeid knytta til merverdiavgift kr 3 000, deltaking i representantskapsmøter og styremøter kr 25 000, annan rekneskapsmessig bistand kr 55 000 og arbeid med selskapskontrollen kr 75 000.

Noter til rekneskapet 2019

Note 3 Pensjon

Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i denne lova.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Del av eigenkapitaltilskotet som er innbetalt av selskapet utgjer pr 31.12.2019 kr 666 254.

Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 33 aktive personar og 16 pensjonistar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av talet på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringsselskap. Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

	2019	2018
Netto pensjonskostnad	2 014 467	1 968 613
Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.	28 118 931	28 782 631
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12.	-23 603 361	-21 007 883
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-270 021	-4 315 637
Arbeidsgjevaravgift	636 695	1 096 239
Netto pensjonsforplikting (ikkje balanseført)	4 882 244	4 555 350

Dei aktuariemessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

Note 4 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 802 347.

Noter til rekneskapet 2019

Note 5 Anleggsnote

	Tomter, bygningar, m.m	Anlegg under arbeid	Maskiner, anlegg, bilar, m.m	Driftslausøyre, inventar, m.m	Sum varige driftsmiddel
Anskaffingskostnad per 01.01.2019	114 427 882	456 440	25 388 879	14 507 394	154 780 595
Tilgang kjøpte driftsmidler	1 683 841	506 074	1 482 497	926 863	4 599 275
Anskaffingskostnad 31.12.2019	116 111 723	962 514	26 871 376	15 434 257	159 379 870
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2019	17 398 346	0	15 086 305	9 612 329	42 096 980
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2019	1 505 949	0	1 091 094	1 918 350	4 515 393
Bokført verdi per 31.12.2019	97 207 428	962 514	10 693 974	3 636 233	112 767 497
Avskrivningar i år	2 281 890	0	1 370 200	1 074 375	4 726 464
Økonomisk levetid	0-50 år		3-10 år	5-10 år	

Note 6 Gjeld

	2019	2018
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til kredittinstitusjonar	81 782 770	77 660 940
Sum	81 782 770	77 660 940
Årets endring		
Langsiktig finansiering 01.01.	93 979 940	97 243 740
Opptak nye langsiktige lån	6 000 000	0
Betalte avdrag i år	-3 413 800	-3 263 800
Langsiktig finansiering pr 31.12 (pantsett)	96 566 140	93 979 940
Driftsmiddel	112 767 497	112 894 697
Sum	112 767 497	112 894 697

Noter til rekneskapet 2019

Note 7 Leasing

Årlig leige av ikkje balanseførte driftsmiddel

	2019	2018
Årets leige	4 188 094	3 506 540
Sum	4 188 094	3 506 540

Det er ikkje balanseført leasingforplikting for nokon av leigeobjekta.

Framtidig minimumsleige knytt til ikkje kansellerbare leigeavtalar forfell som følgjer

Innen ett år	4 188 094
Ett til fem år	6 254 102
Etter fem år	0
Sum framtidig minimumsleige	10 442 196

Note 8 Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar. Selskapet har ingen mellombelse skilnader pr 31.12.2019

Nedanfor er det gitt spesifikasjon over skilnader mellom rekneskapmessig resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2019	2018
Skattemessig underskot til framføring	0	-100 113
Skattepliktig inntekt	0	-100 113

Utrekning av skattegrunnlaget i år:	2019	2018
Resultat før skattekostnad for næringsverksemd	630 737	297 410
Permanente skilnader	-383 185	-397 523
Bruk av underskot til framføring	-100 113	0
Skattepliktig inntekt	147 439	-100 113

	2019	2018
Betalbar skatt	32 437	0
Utsett skattefordel (22%)	0	22 025
Sum skattekostnad	32 437	22 025

Utsett skattefordel er ikkje balanseført i samsvar med God Rekneskapsskikk for små føretak.

Noter til rekneskapet 2019

Note 9 Avsetningar for framtidige forpliktingar for deponi

Selskapet har i henhold til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15", forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Etterdriftsansvaret omfattar ei periode på 30 år rekna frå tidspunktet for avvikling av deponering i deponiet. Dette vart avvikla i 2009, og etterdriftsansvaret og kontroll med deponiet varer difor til sommaren 2039, eller til 2045 dersom ein tar utgangspunkt i Fylkesmannen si godkjenning av avslutningsplanen i 2015. Det vil alltid vere usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til kontroll og ansvaret elles for deponiet så langt fram i tid. Avsett beløp og framtidige inntekter på deponiområdet gir uttrykk for leiinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapet for 2019.

Inntektene frå aktivitetane med å stå for påseppspunkt for rejectvatn frå slamtøminga i Ulstein og Hareid og handtering av grein- og hageavfall for Ulstein og Hareid, saman med tidlegare avsetning, har vore kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet.

	2019	2018
Avsetjingar frå tidligare år	137 116	185 414
Medgåtte kostnader i året	-89 246	-138 298
Auka avsetjing i året	90 000	90 000
Avsetjing pr 31.12	137 870	137 116

Note 10 Sjølvkostfond og mellomrekning mot eigarane

Sjølvkostfondet pr 31.12.2019 er positivt med kr 7 736 000. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i rekneskapet fordelt mellom hushaldning og næring, og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostfond hush.avfall	Sjølvkostfond totalt
Sjølvkostfond 01.01.2019	21 000	9 482 000	9 503 000
Korrigeringsavskrivning tomter perioden 1980-2014	0	239 370	239 370
Korrigeringsfeilførte renter driftskreditt	0	446 000	446 000
Årets resultat overført til sjølvkostfond	120 000	-2 572 370	-2 452 370
Sjølvkostfond 31.12.2019	141 000	7 595 000	7 736 000

Kostnader som selskapet har regnskapsført i perioden 2016-2018 knytt til grunnarbeid på nedgravde løysningar omlag kr 486 017 er i 2019 tilbakeført fondet, aktivert og avskrive over 10 år.

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjør pr 31.12.2019 kr 442 340 (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvkostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

Noter til rekneskapet 2019

Note 11 Eigenkapital

	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr 01.01.2019	5 414 183	5 414 183
Årets resultat	717 465	717 465
Per 31.12.2019	6 131 648	6 131 648

Note 12 Innskotskapital og eigarinformasjon

Selskapets eigarfordeling per 31.12.

Deltakarar	Folketal	Eigardel	Antal i rep.skap	Stemmedel
Herøy kommune	8 972	35,67%	4	36%
Ulstein kommune	8 430	33,52%	3	27%
Hareid kommune	5 189	20,63%	2	18%
Sande kommune	2 559	10,17%	2	18%
Sum	25 150	100%	11	100%

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ.
Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

Note 13 Garantiar

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

Note 14 Finansiell marknadsrisiko

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS nyttar seg ikkje av finansielle instrument med styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente.

Kredittrisiko

Selskapet har kredittrisiko knytt til kundekrav mot næringskunder. Risiko for at motpart ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine plikter rekna som moderat. Det har historisk sett vært lite tap på krav.

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Årsrekneskapen er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2019
- Resultatrekneskap for 2019
- Kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per 31. desember 2019
- Notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

Er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga og annan informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi, på bakgrunn av arbeidet vi har utført, konkluderer med at annan informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god



rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Fråsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Budsjettala for 2019 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

Ulsteinvik, 03.04.2020

BDO AS


Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R04/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R04/20 – GODKJENNING AV EIGARMELDING 2019

Det er ikkje lenger krav om ei formell årsmelding frå styret, men styret har som i fjor likevel valgt å utarbeide ei årsmelding som ein del av rekneskapet. Selskapet sine styringsdokument (jfr. eigarstrategien punkt 5.1) slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Denne skal behandlast av representantskapet og deretter leggst fram for eigarkommunane. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

Eigarmeldinga skal rapportere i høve til gjeldande eigarstrategi og selskapet sin strategi. Eigarmeldingane skal primært vise i kva grad selskapet oppyller eigarane sine forventningar og selskapet sine egne mål, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2019 til vitande, og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane.

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)

Org.nr. 987 570 970

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2019

Selskapet sine styringsdokument slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

1. Styret si samansetting

Styret har i 2019 bestått av:

George Fulford, styreleiar
Håkon Vestnes, nestleiar
Edel Kvalsund Goksøyr, styremedlem
Margareth Leinebø, styremedlem
Truls Håbakk, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Ole Andreas Sæther, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 8 styremøter og 57 saker er behandla i 2019.

2. Representantskap

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2019. Selskapet har, utover formelle møter, løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

3. Oppsummering og kort om verksemda i 2019

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldningsavfall frå innbyggjarane i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei 4 eigarkommunane er det godt over 25 000 innbyggjarar, vel 11 000 privatabonntar, 37 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunkta har fleire glasigloar) og 4 miljøstasjonar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvaret for renovasjon omfattar miljøretta innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla sine. Dette medfører lågare priser for hushaldningar, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel. I tillegg er det viktig å nemne at ein del av næringsverksemda er selskapet lovpålagd å utføre og at mange næringskundar ønskjer å ha SSR som leverandør.

I 2018 og 2019 har det vore gjennomført ein større selskapskontroll for rekneskapsåra 2010 – 2018. Det vart ikkje avdekkja noko anna enn det som førte til mindre justeringar. Desse justeringane er tatt med i rekneskapet for 2019.

Styret har også i 2019 arbeidd med å kvalitetssikre og utvikle kjerneverksemda.

Rekneskapet syner eit årsresultat omtrent som budsjettet.

4. Eigarforhold, selskapsform og formål

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene og pliktene rundt avfallshandtering som kommunane er pålagde i forureiningslova. I tillegg yter også SSR tenester innanfor slamhandtering. SSR skal også bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Dette er rammebetingelsar som selskapet i liten grad kan påverke.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushaldningar.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplaner.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg og framtidsretta haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunene.

- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggande velferdsproduksjonen i landet, vidare god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, er målet mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kvar avfallet hamnar – i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall. Avfall er sentralt i den sirkulære økonomien – i «det grønne skiftet».

5. Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet sysselsette i 2019 vel 34 årsverk. Dette er fordelt på 29 fast tilsette og vel fem årsverk for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av tidvis store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR har i 2019 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Desse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod – i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjer 7,21 % (5,08 % i 2018). 2,38 % (2,69 % i 2018) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 4,83 % (2,39 % i 2018). SSR har i 2019 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, men vil likevel følge utviklinga nøye.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 7 tilsette i administrasjonen er 4 kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner der ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingsdelen. Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Det er iverksett løpande tiltak for å forbetre dette, m.a. gjennom interne møteplassar og møter.

6. Miljørapportering

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde, og i stor grad ved transportverksemd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall. Det er eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Ved utøving av verksemda blir det stilt krav til gode og rasjonelle transportløysingar, der lågt drivstofforbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt.

Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurranse i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på gode og miljøvennlege løysingar samt optimal ressursutnytting.

SSR har utarbeidd eit eige klimarekneskap for 2019. Her reknar ein om både positiv og negativ miljøpåverknad til CO₂-ekvivalentar. Verksemda i selskapet bidrar positivt til reduserte utslepp gjennom utnytting av ressursane i avfallet.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd. Dette skjer m.a. ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga som ein tilbyr innbyggerane.

7. Kundefokus og brukarvennlegheit

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggerane å kjeldesortere og ta miljøvennlege valg. Tenestetilbodet i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggerane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det fortsatt er eit potensial for endå betre sortering i hushaldningane, og driv difor med løpande kampanjar og haldningsskapande arbeid.

Før jul i 2018 starta selskapet med innhenting av våtorganisk avfall (matavfall) som eigen fraksjon. I løpet av sommaren 2019 fekk alle innbyggerane dette tilbodet. Undersøkingar syner at slike forbetringar i tenestetilbodet, saman med nye miljøstasjonar, bidrar til auka sortering og dermed betre miljøgevinst.

I tråd med samfunnsutviklinga og myndigheitene sin politikk, legg selskapet opp til stadig aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarande. Kjeldesorteringsskalendaren på papir er avvikla og erstatta med web og mobiltelefonbaserte løysingar. Ei enkel papirbasert oversikt blir tilbode til brukarar som ikkje nyttar dei elektroniske løysingane.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet heile tida jobbar med å kommunisere ut til innbyggerane. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidrar til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for det oppdraget og det arbeidet selskapet gjer.

8. Samfunnsansvar

Selskapet opptrår ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak, samt arbeidstakarrettigheter og antikorrupsjon. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som fremjar høg etisk bevisstheit. Inngåtte kontraktar blir tett følgde opp for å unngå at sosial dumping føregår hos leverandørane våre.

Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og mislegheiter, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Elles skal alle beslutningar gjerast på grunnlag av best muleg ressursbruk. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. Økonomi

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapet for 2019 er satt opp under denne føresetnaden.

Selskapet driv miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost, og overskot eller underskot på hushaldningsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Vidare driv selskapet avgrensa og tilsvarande verksemd mot næringslivet, der dette er hensiktsmessig for å realisere selskapet sine strategiske mål. Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapet for hushaldningkundar. Det same gjeld for den delen som handlar om slamtøming.

Styret er tilfredse med drifta i 2019.

Nokre viktige tal frå rekneskapet i 2019:

Hushaldningsrenovasjon – sjølvkostfondet:

Underskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostberekningar):	kr 1 689 000 -
Underskot etter rentejusteringar og sjølvkostberekningar:	kr 1 887 000 -
Sjølvkostfond pr. 31. desember 2019:	<u>kr 7 595 000</u>

Næring – eigenkapital:

Overskot næring:	kr 617 563
Renter, etc. og overskot frå næring til anna eigenkapital:	kr 717 465
Eigenkapitalen pr. 31. desember 2019:	<u>kr 6 131 648</u>

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhøyrande notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

Det har ikkje oppstått forhold etter årsskiftet som har betydning for bedøminga av årsrekneskapet for 2019.

10. Framtidsutsikter og planlagde endringar

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom vidare satsing på informasjon og gjennom samarbeid med eigarkommunane om viktige miljøtiltak. Mellom anna ser ein at tema som marin forureining og anna lokal forureining framleis er viktige område framover.

Selskapet slutførte i 2019 innføringa av innhenting av matavfall / våtorganisk avfall. I juli 2019 var alle sonene i gang med denne innsamlinga. Arbeidet har vore krevande, og det har stilt - og stiller - store krav til kapasitet, styring og kostnadseffektivitet. Styret konstaterer at selskapet også kompetansmessig står godt rusta til å gjennomføre dette på ein tilfredsstillande måte.

No når miljøstasjonane er i full drift og innsamlinga av matavfall er i full gang, vil det bli andre utfordringar framover. Arbeidet framover vil handle om moglege nye fraksjonar som kan sorterast ut på miljøstasjonane, digitalisering, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, og - ikkje minst - forureiningsproblematikken i naturen. I tillegg kjem utfordringar med nedstraumsløysingar til å vere eit fokusområde i tida framover, der m.a. marknaden tidvis har vanskar med å svelge unna dei store avfallsmengdene som blir produsert i Norge.

Etter mars 2020 har utbrotet av koronasmitte (Covid-19) prega både selskapet si verksemd og landet elles. Det er iverksett betydelege tiltak for å redusere smittefaren og det har vore eit sterkt fokus på å oppretthalde renovasjonsverksemda – som den særskilte tenesten den er i eit velfungerande samfunn. Ved tidspunktet for behandling av årsmeldinga / eigarmeldinga er ikkje omfanget og varigheita av dei nasjonale tiltaka kjende. Koronasmitten, og dei nasjonale tiltaka som er ein konsekvens av denne, vil påverke norsk økonomi i lang tid framover.

11. Arbeidsåret 2019

Styret vil rette ein stor takk til selskapet sine medarbeidarar. 2019 har, i periodar og som tidlegare år, vore krevande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og effektivitet - og også fordi verksemda berører og engasjerer mange.

Ulsteinvik, 30. mars 2020



George Fulford
styreleiar



Håkon Vestnes
nestleiar



Edel Kvalsund Goksøyr



Margareth Leinebø



Truls Håbakk



Anne Holstad



Ole Andreas Sæther



Einar Heimdal
dagleg leiar

3 vedlegg:

- 1. Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2019 på hushaldning.**
- 2. Kundetilfredsheit og utvikling i sjukefråveret.**
- 3. Klimarekneskap 2019.**

Vedlegg 1: MÅLOPPNÅING VEDR. AVFALLSMENGDER 2019 PÅ HUSHALDNING

EU (og dermed også Norge) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

2020: <u>50 %</u>	2025: <u>55 %</u>	2030: <u>60 %</u>	2035: <u>65 %</u>
-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

SSR sine tal for 2019:

Nedstrømsløysing:	2019 i tonn:	2019 i prosent:	2018 i tonn:	2018 i prosent:
Ombruk / gjenbruk	257 tonn	2,9 %	255 tonn	2,7 %
Bioenergi	1712 tonn	19,2 %	738 tonn	7,7 %
Materialgjenvinning	4249 tonn	47,6 %	4578 tonn	48 %
Energigjenvinning	2410 tonn	27,0 %	3761 tonn	39,4 %
Deponi	299 tonn	3,3 %	214 tonn	2,2 %
Husholdningsavfall totalt	8927 tonn	100 %	9546 tonn	100 %
Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet:	6218 tonn	69,7 %	5571 tonn	58,4 %

Ombruk/gjenbruk: T.d. at klede, sko, ski, sykler, møblar, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.

Bioenergi: Avfall som går til produksjon av biogass og flisfyring. Gjeld ikkje biodiesel.


Materialgjenvinning: Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.

Energigjenvinning: Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

Deponi: Avfall som går til deponering, t.d. asbest og porselen.

Vedlegg 2: KUNDETILFREDSHEIT OG UTVIKLING I SJUKEFRÅVERET

Kundetilfredsheit:



Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

Utviklinga i sjukefråveret har vore slik siste åra:

År:	Totalt sjukefråver:	Korttidsfråver:	Langtidsfråver:
2012	9,56 %	2,45 %	7,11 %
2013	12,29 %	2,25 %	10,04 %
2014	9,11 %	2,05 %	7,06 %
2015	6,79 %	1,90 %	4,89 %
2016	7,30 %	2,03 %	5,27 %
2017	5,27 %	1,86 %	3,41 %
2018	5,08 %	2,69 %	2,39 %
2019	7,21 %	2,38 %	4,83 %

Vedlegg 3: KLIMAREKNESKAP 2019

Kontordrifta i SSR forureinar ikkje det ytre miljøet. Selskapet si øvrige verksemd forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet. Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 11 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløyningar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei generelle miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om.

Klimarekneskapet ligg på denne og på neste side.

Hushaldning:

Totalt 8452 tonn avfall (inkluderer ikkje 72 tonn på heimekompostering eller 20 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre). Det er 25107 innbyggjarar i dei fire kommunane våre pr. utgangen av 4. kvartal 2019 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og besparelsar i SSR i 2019:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2018	2019	2018	2019
Utslepp frå transport	584	683	23	27
Utslepp frå forbrenning	2637	1799	105	72
CO₂-red. frå forbrenning	-2172	-1630	-86	-65
CO₂-red. frå gjenvinning	-7268	-7402	-289	-295
Total CO₂-reduksjon	-6219	-6550	-247	-261

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 683 tonn CO₂-ekvivalentar. Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (1799 tonn CO₂-ekvivalentar). Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (1630 CO₂-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (7402 CO₂-ekvivalentar). For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,105 tonn CO₂ per tonn avfall. For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,196 tonn CO₂ per tonn avfall.

Forts.

Totalt, inkl. næring:

Totalt 11830 tonn avfall (inkluderer ikkje 72 tonn på heimekompostering eller 20 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre). Det er 25107 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. utgangen av 4. kvartal 2019 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og besparelsar i SSR i 2019. Tala inkluderer både hushaldning og næring:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbygger (kg CO ₂ / innb.)	
	2018	2019	2018	2019
Utslepp frå transport	594	818	24	33
Utslepp frå forbrenning	3442	2773	137	110
CO ₂ -red. frå forbrenning	-2616	-2321	-104	-92
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-8221	-9020	-326	-359
Total CO ₂ -reduksjon	-6801	-7750	-270	-309

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 818 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (2773 tonn CO₂-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (2321 CO₂-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (9020 CO₂-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 0,998 tonn CO₂ per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,180 tonn CO₂ per tonn avfall.

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R05/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R05/20 – VALG AV REVISOR OG GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Etter vedtak i representantskapet i 2018 (sak R05/2018), vart BDO AS valgt som revisor for SSR for åra 2018, 2019, 2020 og 2021. Dette vedtaket vart gjort etter ein gjennomført anbodskonkurranse vinteren 2018.

Det er i 2019 kostnadsført kr 91.300 (ekskl. mva.) for lovpålagd revisjon, utarbeiding av årsoppgjeret og utarbeiding av likningspapira. For andre tenester utanfor revisjonen er det fakturert kr 158.000 (ekskl. mva.) – jfr. note 2 i rekneskapet. Andre tenester gjeld hovudsakleg arbeid med selskapskontrollen, deltaking i diverse møter og anna rekneskapsmessig bistand. Av desse er arbeid med selskapskontrollen den største posten.

Styret si tilråding til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2019, med kr 91.300 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester og kr 158.000 (ekskl. mva.) for andre tenester.
2. Representantskapet godkjenner at BDO AS blir vald som revisor for SSR også for rekneskapsåra 2020 og 2021.

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R06/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R06/20 – **STYREVALG OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE**

Valgkomitéen i representantskapet skal fremje eventuelle kandidatar i representantskapsmøtet. I valgkomitéen sit Kjetil Nettet (leiar), Tor Sindre Steinsvik, Oddvar Gjerde og Olav Myklebust.

Status for styret er følgande:

- George Fulford (valgt for 1 år, på valg i 2020, valgt som styreleiar til 2020)
- Håkon Vestnes (på valg i 2020, valgt som nestleiar til 2020)
- Edel K. Goksøyr (på valg i 2020)
- Margareth Leinebø (på valg i 2020)
- Truls Håbakk (på valg i 2020)
- Anne Holstad (ikkje på valg, på valg i 2021)
- Bjarte Uglum (tilsette sin nye representant i styret – eigne valg)

Godtgjersla til styret var følgande i 2019:

- Styreleiar blir honorert med kr 82.451 fast per år. Arbeid utover normalt arbeid som styret sin leiar blir honorert etter avtale med selskapet.
- Styret sine medlemmer elles blir honorert med kr 41.226 fast per år.
- Styret sin tilsettvalgte medlem blir honorert med kr 11.778 fast per år.

Tradisjonelt gjer representantskapet vedtak om å auke styresatsane omtrent i takt med kommunal deflator. I 2019 vart styresatsane auka med 2,5 %. Pris- og lønnsveksten i kommunesektoren i 2020 (kommunal deflator) er anslått til 3,1 % (i flg. revidert statsbudsjett for 2020).

Forts.

Forts.

Ut i frå saka sin natur kjem ikkje styret med tilråding i denne saka.

Valgkomitéen si tilråding er lagt ved eller blir delt ut før / under møtet.

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R07/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R07/19 – VAR-prosjektet

Vedlagt finn de følgande:

- Mandat / Veggen vidare etter VAR-konferansen i januar 2020
- Statusoppdatering pr. 5. mai 2020

Bakgrunnen, formålet med prosjektet og tidsplanen vidare finn ein i vedlagde mandat. Covid-19 kan, av naturlege årsaker, føre til litt forseinkingar i framdrifta, men det får ein kome tilbake til etter kvart.

Det representantskapet skal vedta er mandatet som ligg i vedlegget og om ein skal gå vidare med prosjektet eller ikkje. I tillegg må representantskapet peike ut to (eller 3) representantar til å sitte i referansegruppa. Styret plukkar før ferien ut ein representant til å sitte i styringsgruppa for prosjektet.

VØR blir truleg med i prosjektet etter ferien.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar å gå vidare med prosjektet og godkjenner også mandatet for prosjektet.

Representantskapet vedtar at xx og xx (og xx) blir SSR sine representantar i referansegruppa.

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Vegen vidare etter VAR-konferansen 2020

MANDAT/PROSJEKT

1. Bakgrunn for prosjektet

Sunnmøre slit med å halde oppe ein høg standard på slamhandteringa i regionen. Ansvar for slamhandteringa ligg både på dei tre avfallsselskapa på Sunnmøre og på kommunane. Det gjer at ansvaret tidvis også kan framstå som både fragmentert og utydeleg. Dette er ikke ein tilfredsstillande situasjon for Sunnmøre – landets mest innovative, høgteknologiske og verdiskapande område!

Marknadssituasjonen innanfor slamhandtering tilseier at noko må gjerast fort. Nye og strenge statlege og andre offentlegrettslege miljøkrav bygg også under dette.

2. Formål med prosjektet

a) Prosjektet skal avdekke status, moglegheiter og løysingar for den framtidige slamhandteringa i regionen og samstundes tilfredsstillende nasjonale framtidige berekraftsmål og framtidige krav frå kommunene.

Forslaget skal omfatte innovative løysingar gjennom heile verdikjeda for slamhandteringa - dvs. også nedstrømsløysingar. Det skal søkjast på offentlege støtteordningar.

Den føreslåtte løysinga skal ivareta omsynet til innbyggjarane, miljøet og eigarkommunane og også ivareta kostnadseffektive løysingar.

b) Prosjektet skal også føreslå selskapsrettsleg organisering av den føreslåtte måten å handtere slam på i framtida.

3. Tidsplan og organisering

a) Prosjektgruppa

Prosjektgruppa består av følgjande (5 stk.):

Dagleg leiar (prosjektleiar) og slamansvarleg i SSR, slamansvarlege i ÅRIM og VØR + ein representant frå Vanylven kommune.

b) Styringsgruppa

Styringsgruppa består av følgjande (5 stk.):

1 styremedlem frå SSR (leiar), 1 styremedlem frå VØR, 1 styremedlem frå ÅRIM og 2 utpeikte kommunalsjefar teknisk. Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa.

c) Referansegruppe (9 stk):

Referansegruppa består av ordførarane / varaordførarane frå dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre + 2 frå ÅRIM-regionen. Gruppa vel sjølv leiar. Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa.

d) Tidsplan og politisk forankring

Prosjektgruppa vil utarbeide eit endeleg forslag til mandat for prosjektet på første møte - og seinast 10. mars 2020.

Prosjektet skal deretter fremjast til behandling i representantskapet i deltakande selskap innan 30. mai 2020. Før behandling i det enkelte representantskap, bør prosjektet behandlast politisk i den enkelte kommune.

Gitt positive vedtak i aktuelle representantskapet og kommunar, er det estimert følgjande framdrift:

- Prosjektgruppa leverer ei innstilling før 30. november 2020.
- Styringsgruppa leverer ei godkjend innstilling før 28. februar 2021.
- Innstillinga blir deretter behandla i det enkelte representantskap etter forutgåande politisk behandling. Dette bør finne stad innan 30. mai 2021.

Styringsgruppa og referansegruppa blir involverte med jamne mellomrom i prosessen. Gruppene nyttar eksterne ressursar ved behov.

Deltakere ber sjølve kostnadane ved deltaking i prosjektet.

Foreløpig vedtatt 31.01.2020

VAR-PROSJEKTET 2020 / 2021

Statusoppdatering pr. 5. mai 2020:

Tema: Status for kontroll og forureining vedr. avløp i kommunane på Sunnmøre

Her må det etter kvart kome med meir om feittavskiljarar og sandfangkummar. Kategoriane silslam, silgods, ristgods, etc. må også vurderast nærare – m.a.o. situasjonen på reinseanlegg.

Når det gjelder «Status for kontroll og forureining vedr. avløp i kommunane på Sunnmøre» så er det slik på Sunnmøre og ellers i landet at kommunene har det generelle myndighetsansvaret når det gjelder kontroll og tilsyn ved drift og utslipp fra alle separate avløpsanlegg, fettavskillere, sandfang og primærrenseanlegg – også de de eier og drifter selv.

Svært få av kommunene i vårt område har forskriftsbestemt gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter «forurensningsregelverket». Ålesund har (i følge Lovdata) følgende:

1. opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid (forurensningsforskriften § 2-12)
2. utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 12-4)
3. utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre busetnadar (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 13-4)
4. utslepp/påslepp av oljehaldig vatn (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 15-4)
5. påslepp av feitthaldig vatn (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 15A-4 og lokal forskrift om påslepp av feitthaldig vatn til offentlig avløpsnett)
6. forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar (forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger, § 11).

Utover Ålesund kommune, har Sula kommune (i følge Lovdata) ei liknende forskrift som dekker stort sett det samme. Stranda og Sykkylven kommuner har forskrifter publisert på Lovdata som dekker utslipp fra separate avløpsanlegg der dette med tilsyn er nevnt. Fjord kommune har vedtatt ei lokal forskrift som dekker stort sett det samme som listes opp for Ålesund kommune.

I noen av de andre kommunene har de medarbeidere som har fått tiltenkt slik rolle for tilsyn, men svært lite blir gjort overfor både andres og egne anlegg. Det er kun ved konkrete klagesaker at «noen» tiltrår tilsynsrollen.

Når det gjelder forurensning så er det svært få av disse anleggene som oppfyller kravene. En nylig rapport fra Norsk Vann konkluderer med at norske primærrenseanlegg (silanlegg) som er undersøkt er det bare ca. 25 % som tilfredsstillt utslippskravene. Det nevnes i rapporten at det overfor kommunene er stilt krav om «Akkreditert prøvetaking». Bare halvparten av de undersøkte anleggene har innført dette. Resultat fra Aspøy RA i Ålesund kommune er presentert. I 2018 viste resultatene fra 16 av totalt 17 at anlegget ikke oppfylte kravene til utslipp.

Tema: Status for slamtømningsmarknaden på Sunnmøre

Utanom SSR-regionen har alle dei andre kommunane på Nordvestlandet same slamentreprenør. Det er m.a.o. eit tilnærma privat monopol på slamtøming. Den aktuelle private aktøren har også tilnærma kontroll på dei regionale nedstraumsløysingane. Elles er det også tidvis utfordringar med ekstra- og naudtømingar.

Tema: Status for løysingar nedstraums for slam på Sunnmøre

Når det gjelder «Status for løysingar nedstraums for slam på Sunnmøre» så har vi bare ett anlegg med gyldig tillatelse for å ta imot og behandle «andres» slam. Det er komposteringsanlegget til Vestnes Renovasjon AS der de har tillatelse til å ta imot 16 200 tonn avløps slam, 6 000 tonn hage- og parkavfall og trevirke egnet til kompostering og 2 500 tonn oljeholdig slam. Etter det man har forstått er dagens kapasitet på 10 000 tonn avløps slam og det er det er en aktør som har avtale om å levere dette.

I tillegg har Tafjord Kraftvarme AS tillatelse til å ta imot «Ristegods, silgods og sandfang» og midlertidig tillatelse å brenne 2 000 tonn problemavløps slam med spor av BFH.

Utover dette så har Norva24 Vest AS et komposteringsanlegg på Slørvåg i Gulen kommune med tillatelse til å ta imot og behandle 15 000 tonn «Organisk avfall som er eigna til kompostering» og 10 000 tonn trevirke etc. «som er eigna til kompostering».

Igjen er det mange mindre komposteringsanlegg som har tillatelse til å ta imot mindre mengder slam, men primært fra sitt nærområde og i så små mengder at det ikke vil lønne seg å starte opp regulær transport til disse anleggene. Det er også få av disse anleggene som har godkjent nedstrømsløsninger av det komposterte materialet.

Da står vi igjen med følgende biogassanlegg som har tillatelse og kapasitet til å ta imot slam fra vårt område og som ligger «nærmest»:

- Ecopro AS, Stjørdal, Verdal. Det tillates behandling av inntil 45 000 tonn våtorganisk avfall og avløps slam (samlet mengde) årlig.
- Biokraft AS, Levanger, Trøndelag. Har i dag tillatelse til å ta imot blant annet 200 000 tonn bioslam; men bare fra det biologiske renseanlegget ved Norske Skog Skogn AS. Etter de opplysningene jeg har hørt ønsker de å utvide denne tillatelsen og til også å omfatte avløps slam.
- Mjøsanlegget AS, Lillehammer, Oppland. Har ikke tillatelse per i dag til å ta imot avløps slam.
- Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS, Jevnaker, Oppland. Behandling av inntil 20.000 tonn våtorganisk avfall pr. år. Avløps slam er ikke spesifikt nevnt.

Lenger unna er Frevar i Fredrikstad og Lindum AS i Drammen som tar imot avløps slam fra eksterne. De fleste andre biogassanleggene i tilknytning til avløpsrensianlegg har bare tillatelse til å behandle eget produsert slam. Ellers så må vi ut av landet.

Tema: Moglege innovative løysingar for heile verdikjeda

Sibelco fortel er at dei produserer eit granulat som fungerer svært godt til å ta ut tungmetall frå vatn. Granulatet tar ut mellom 95-100 % av tungmetallet, men dette er då kun dersom tungmetallet er ionisert (for det har lading). Dersom tungmetalla er bundne i meir komplekse samansettingar, vil ikkje granulatet være effektivt. Granulatet tar også ut noko fosfor og nitrogen, men i små mengder. Det ville være mulig å utføre ei risteprøve med granulatet for å sjå kva av stoffa som blir mest redusert. Sibelco produserer også diverse filterløysingar.

Ecomotive har blitt kontakta med eit par spørsmål. Spørsmåla til dei omhandla private slamavskiljarar, og formuleringa var følgjande: Vi veit at å skilje gråvatn og svartvatn vil vere det optimale, men har de tips på kva ein som har gamal betongtank som skal skiftast ut bør gjere for å få ei innovativ løysing utan å rive huset? Dette spørsmålet synest vi er ei høgst relevant problemstilling. Svaret frå Ecomotive var interessant:

«Det er jo mulig å se på om en kunne gjenbruke en del av det eksisterende rørnett og betongtanken for behandling av gråvannet - og byttet ut toalettet med vakuumtoalett som føres til tett tank. Kor vidt dette vil la seg gjøre må vurderes ut fra tilstanden til det enkelte anlegget og anleggets resipient, og hvilke krav kommunen sett til utsleppet».

Dette perspektivet er interessant. Ofte står ein huseigar overfor oppussing/fornyng av bad/toalett og då er dette tiltak som forbetrar både badet og miljøet. Vakuumtoalett har også den fordelten med at rørsystemet ikkje er meir enn 50 mm i diameter og brukar lite vatn. Vakuumtoalettet har også den fordelten at det kan plasserast ein annan plass enn før.

Enkelt sagt vil ein kunne bruke den gamle tanken kun til gråvatn, mens ein etablerer ein ny tett tank med nytt fleksibelt rørsystem.

Tema: Framtidige nasjonale og lokale krav og mål for slamlegg (og for behandling av slam)

Når det gjelder «Framtidige nasjonale og lokale krav og mål for slamlegg (og for behandling av slam)» så er det ikke signalisert noen snarlige endringer fra Miljødepartementet. Men Norsk Vann har i hvert fall 4 prosjekt gående som kan få betydning for det framtidige regelverket:

- Håndtering av legemiddelrester i norske avløpsanlegg
- Lokale avløpsforskrifter etter forurensningslovgivningen
- Veiledning for dimensjonering av mindre avløpsanlegg
- Ny veiledning om selvkost og for utarbeidelse av lokale forskrifter for vann- og avløpsgebyr

Dessuten foregår det mange regionale prosjekt som ble presentert på VAR-konferansen i Ulsteinvik. Flere av disse går på behovsstyrt slamtømming og da må det på generelt grunnlag gis tillatelse til å montere sensorikk på slamanleggene.

Når det gjelder behandling av slam så regner man med at alle tillatelser til åpen kompostering vil inndras og at det i framtidige tillatelse til behandling av avløpsslam vil bli stilt krav til at sluttproduktet skal kunne anvendes så sant ikke innholdet av tungmetall og miljøgifter er så høyt at det tenderer til farlig avfall.

Ellers er Norsk Vann i ferd med å slutføre et prosjekt som ser på hva som skjer i kommunene og som skal gi innspill til revisjon av forurensningsforskrifta. Prosjektet om Primærrensing er en del av dette. Prosjektstatus blir sjekket etter hvert.

Tema: Omsynet til miljø, innbyggjarar, eigarkommunane og kostnadseffektive løysingar

Kommunane har tilsynsansvaret for at alle slamanlegg fungerer som dei skal. Dette fungerer berre til ei viss grad, noko som skuldast manglande ressursar. Dette gjeld spesielt private slamavskiljarar. Resultatet er at det er ein del forureiningssaker som kunne vere unngått. Miljømessig er ikkje dette bra og det er heller ikkje bra for innbyggjarane., t.d. alle forureiningssakene på og ved badestrender. Miljømessig gode løysingar, med god kostnadskontroll, tilseier eigenregi – gjerne samla for heile Sunnmøre. Elles tilseier også miljømessige omsyn at kommunale reinseanlegg kanskje bør kome inn under den same organisatoriske paraplyen – i tillegg til at flest mogleg bør koplatt på slike anlegg.

Tema: Selskapsrettsleg organisering av slamhandteringa i framtida

Gjeld både oppstraums og nedstraums. Når det gjeld nedstraumsløysingar bør det vere førsteprioritet å samle alt slammet på Sunnmøre og levere det til biogassanlegget på Melsgjerdet i Ørsta – som er eit samarbeidsprosjekt i regi av VØR, SSR, ÅRIM og RIR. Dersom det ikkje er mogleg å få til dette anlegget, er det naturleg å tenke reaktorløysingar, ranking, etc. Biogassanlegget kan formelt organiserast både som eit IKS og som eit AS. Elles kan det i framtida kanskje vere mest aktuelt å organisere slamtømingssdelen for heile eller deler av Sunnmøre i eit eige, offentleg heileigd AS – med supplement / reservekapasitet frå lokale småentreprenørar. Eigenregi må til for å sikre leveringssikkerheit, høgt servicenivå og god kvalitet, at aktivitetane er innanfor regelverket og i tillegg prisgunstige løysingar.

Tema: Definisjonar

Silslam er etter definisjon i Miljøkommune.no: Slam fra renseanlegg basert på siling med lysåpning mindre enn 1 mm.

Ristgods er etter definisjon i Miljøkommune.no: Søppel i avløpsvannet som fanges opp av rist når det kommer inn i avløpsanlegget.

Avløpsslam er etter definisjon i Miljøkommune.no: Slam fra rensing av sanitært og kommunalt avløpsvann, unntatt rist- eller silgods.

Ut fra dette kan en trekke den slutningen at silgods er: Slam og søppel fra renseanlegg basert på siling med lysåpning større enn 1 mm.

Tema: Medlemmer i styringsgruppa og i referansegruppa

Styringsgruppa bør ikkje overstige 5 medlemmer.
Referansegruppa bør ikkje overstige 9 medlemmer.

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R08/20

Møtedato: 14.05.2020

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R08/20 – DIVERSE ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

ORIENTERINGSSAK

Generell orientering om diverse saker utan at det er lagt opp til vedtak i saka.